



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

### UKM 06/09 Myndig tru, mangfaldige fellesskap

#### På veg til Kyrkjemøtet 2009

*Ung i kyrkja* har i perioden 2005-2008 vore ein del av strategiplanen til Den norske kyrkja. Ung i kyrkja er definert til aldersgruppa 15-30 år. Som ei særskilt satsing innanfor denne gruppa vedtok Ungdommens kyrkjemøte (UKM) i 2004 å styrkje kyrkja sitt arbeid med unge vaksne mellom 18 og 30 år. UKM sak 06/07 gav også innspel til prosjektet, som vart sett i gong som eit samarbeid mellom Kyrkjerådet og Det teologiske Menighetsfakultet. Våren 2007 vart det difor nedsett tre arbeidsgrupper i Oslo, Stavanger og Nord-Hålogaland bispedømme. Ut i frå sin lokale kontekst skulle desse arbeidsgruppene arbeide med kva utfordringar denne aldersgruppa gir til kyrkja, kva som kjenneteiknar aldersgruppa, kva aldersgruppa er opptatt av og kva strategiske vegval ein må ta i Den norske kyrkja i det vidare arbeidet med denne gruppa. Arbeidet i desse gruppene vart presentert på ein fagkonferanse ved det teologiske Menighetsfakultet i april 2008. UKM 2008 jobba vidare med denne saka utifrå arbeidet i desse faggruppene og kunnskapen som fagkonferansen genererte.

UKM 2008 understrekar ambivalensen og breidda som kjenneteiknar denne aldersgruppa. Frå eitt perspektiv er dette ei aldersgruppe der fleire trivst med ansvar og som aktive medarbeidarar i ulike kyrkjelydar. Men det er også fleire i denne aldersgruppa som ønskjer å møte kyrkja og kyrkjelyden som meir enn eit krav eller ei oppmoding om å ta leiaransvar. Denne aldersgruppa er kjenneteikna av stor mobilitet og mange oppbrot. Livsfase er meir viktig som kriterium enn alder. Oslo bispedømme si arbeidsgruppe foreslo ei inndeling av aldersgruppa i:

- Unge uetablerte
- Unge etablerte
- Unge etablerte med born

Stavanger bispedømme si arbeidsgruppe hevdar at kyrkjeleg arbeid med og for denne aldersgruppa må ta på alvor at denne aldersgruppa er svært medvitne på at dei vil vere subjekt i eiga tru og difor leitar etter ei relevant kyrkje. Arbeidsgruppa frå Stavanger tek til orde for at ein difor bør bruke innsikter frå misjonale ekklesiologi i møte med denne aldersgruppa og opne for og dyrke eit mangfald av ulike fellesskap med ulik profil. Men det understrekar også at desse fellesskapa må stå i ein tydeleg relasjon til det kyrkjelege tilsynet. Arbeidsgruppa frå Nord-Hålogaland bispedømme peikar på spenninga mellom ulike fellesskapstilbod for denne aldersgruppa – alt frå meir folkekyrkjeleg prega fellesskap (ofte) i bygdesamheng til meir frikyrkjeleg prega fellesskap i ein bykontekst. Denne arbeidsgruppa understrekar difor at kyrkjeleg arbeid med og for denne aldersgruppa må ta på alvor spenning og ulikskapane i aldersgruppa, knytt til sosiale tilhøve, engasjement og ønske om engasjement og kva type gudstenesteprofil ulike unge menneske ønskjer.

UKM 2008 vidareførte arbeidet med ein ekklesiologisk refleksjon knytt til kyrkja sitt engasjement overfor denne aldersgruppa, og i ein kortfatta gjennomgang understrekar ein følgjande tre hovudpunkt:

- ”Alle som er døpt hører Herren til og er kirken”

- ”Den norske kirke er en folkekirke. Det betyr at alle skal kunne finne sin plass i den kirken de er døpt inn i, så lenge de selv ønsker det.”
- ”Kirken er mer enn gudstjenester og aktiviteter. Kirken er mennesker”

UKM 2008 såg for seg ei satsing på seks ulike prosjekt:

Prosjekt A: Gudstjeneste

Prosjekt B: Kommunikasjon og informasjon

Prosjekt C: Vekst med Tro

Prosjekt D: Rekruttering av samiske unge til kirkelige stillinger

Prosjekt E: Studenter

Prosjekt F: Bygd og mindre tettsteder

Planen var at saka skulle koma opp allereie på Kyrkjemøtet i 2008. Men etter UKM 2008 si behandling av saka, såg ein at det var naudsynt å arbeide meir med saka før ho kunne leggjast fram for Kyrkjemøtet.

På sitt møte 1.-3. desember 2008 vedtok Utval for Ungdomsspørsmål (Ufung) følgjande om den vidare retninga for saka:

Ufung ber om at saken kirke for aldersgruppen 18-30 settes opp som sak på Kirkemøtet 2009. Det er ikke å forstå som avslutning av saken, men som start på en bredere videreføring i hele vår kirke. *”Målet er at flere mellom 18 og 30 får en livsrytme som rammes inn av Ord og sakrament”*. Ufung ønsker seg ikke en plan for 18-30-arbeidet i tradisjonell forstand, men et sakspapir og et forslag til vedtak som kan være en katalysator for kreativ tenkning og gode prosesser i soknemenighetens arbeid med aldersgruppen.

Med dette vedtaket ville Ufung spisse retninga på denne saka. Dei peikar på behovet for å arbeide med form og fokus på kyrkja sitt møte med aldersspennet 18-30 i kjølvatnet av kyrkja si massive satsing på trusopplæring 0-18 år. Dei ønskjer også å peike på dei særlege utfordringane kyrkje for aldersgruppa 18-30 år gir for ”vanlege” soknekyrkjelydar. Ein ser det difor som avgjerande å arbeide med moglege strategiar for arbeid med aldersgruppa 18-30 år som kan gi rammer for kvart einskild sokn, og samtidig vere ein katalysator for heile Den norske kyrkjas vidare arbeid med denne aldersgruppa.

I det vedlagte dokumentet ”Myndig tru, mangfaldig fellesskap” er det teikna opp ei grunnlagstenking for ei slik satsing. Denne grunnlagstenkinga fokuserer både på aldersgruppa som ein viktig ressurs for kyrkja, men også på at denne aldersfasen er ei kritisk, og strategisk viktig tid. Både for dei som er i aldersgruppa, men også for kyrkja sjølv. Det utfordrar kyrkja på å kome tettare i dialog med denne aldersgruppa si livsverd og grunnleggjande erfaringar, både gjennom møte ein-til-ein og gjennom relevante og livsnære fellesskap.

Grunnlagstenkinga tek utgangspunkt i at oppbrotet er ei grunnerfaring for denne aldersgruppa: Oppbrot frå barne- og ungdomstid, heim og familie til studier, arbeid, reiser og nye relasjonar. Desse åra er også tida for etablering. I løpet av denne aldersfasen er det mange som inngår meir forpliktande samliv, får born, kjøper husvere og får fast jobb.

Dokumentet ”Myndig tru, mangfaldig fellesskap” fokuserer på korleis kyrkja i møte med denne aldersgruppa må gi rom for å myndiggjere den trua som vert gitt i dåpen. Slik at denne trua vert ei tru som flyttar med og vert relevant i alle livets kontekstar, og slik at ein kvilande i denne trua frimodig kan tene nesten og skaparverket. I møte med ei aldersgruppe som meir enn mange andre er mobile, framheld ein kor viktig det er at kyrkja i denne aldersfasen opnar for eit mangfald av fellesskap: Både fellesskap der fleire generasjonar er samla, men også

fellesskap som siktar smalare, slik som t.d. mindre nettverksbaserte eller funksjonsdefinerte fellesskap, eigne student/unge vaksne-prega kyrkjelydar i nokre av dei større byane, eller møte med kyrkjeleg fellesskap t.d. på reise (t.d. gjennom Den norske kyrkja i utlandet) eller i militæret (gjennom feltpresttenesta).

Livsfasen 18-30 er ei tid prega av læring og tilegning av kunnskap på mange felt. Det er viktig å skape rom for tolking av kva trua kan bety i nye fasar i livet. Spørsmålet er kva kunnskap denne aldersgruppa særleg treng for at trua skal flytte med gjennom endringane i livet, og korleis ein best kan legge til rette for dialog om dette.

På Kyrkjerådet sitt møte i slutten av mai vart det også framheva at denne tida for mange også er ei sårbar tid, der ein er avhengig av gode vegleiarar og samtalepartnarar i møte med dei valutfordringane og eksistensielle spørsmåla som oppbrotts- og etableringserfaringane i denne aldersfasen byr på. Dette gir utfordringar til kyrkja si diakonale og sjelesørgjeriske innsats overfor denne aldersgruppa. Her har kyrkja ofte ei særleg styrke gjennom arbeidet som studentprestar og feltprestar driv med. Det vart også understreka at den erfaringa som mange samiske unge har, nemleg å binde saman ulike identitetar i ulike kontekstar, er ei nyttig og viktig erfaring for kyrkja i arbeidet med denne aldersgruppa.

### **UKM 2009 vert utfordra til særleg å vurdere følgjande:**

- Kva i denne saka vil UKM 09 særleg understreke overfor Kyrkjemøtet?
- Kva vil det seie å vere ei relevant kyrkje for aldersgruppa 18-30 år?
- Korleis kan Kyrkjerådet best mogeleg føre vidare arbeidet med kyrkje for aldersgruppa 18-30 år slik at det kan forløyse lokale initiativ og kreativ satsing overfor denne aldersgruppa?
- Bør saka gjelde heile aldersspennet frå 15-30?

Vedlegg: Myndig tru, mangfaldige fellesskap